

Gulen Musikk- og Kulturskule



Vil



du

bli elev?

Tlf: 928 94 188 / 57 78 20 59

E-post: imht@gulen.kommune.no

For meir informasjon – sjå Gulen kommune si heimeside – Barnehage, skule og utdanning – Musikk og kulturskule

Musikk- og kulturskolen

har i 2020 / 21 gjeve tilbod til om lag 50 enkeltelevar. I tillegg har me selt dirigenttenester til skulekorps.

Som vanleg har me hatt musikkundervisning i alle barne og ungdomskulekrinsane i kommunen. Me har hatt tilbod både innan musikk og teikning / måling. Kva tilbod me kan få til neste skuleår, vert styrt av kva det er interesse for og kva lærarkrefter det let seg gjere å skaffe.

Elevar må rekne med at dei i enkelte høve må fraktast til andre skulekrinsar enn der dei bur for undervisning.



Faga i musikk og kulturskolen skal organiserast i tre opplæringsprogram: Grunnprogram, kjerneprogram, fordjupningsprogram

Grunnprogrammet – ope for alle.. Tilboda er eigna for gruppe- og ensembleundervisning.

Kjerneprogrammet – ope for alle og er begynnaropplæring eller opplæring for vidarekomne. I kjerneprogrammet skal undervisninga vere tilpassa den enkelte eleven og kan gå føre seg både individuelt eller i grupper / ensemble.

Fordjupningsprogrammet – har opptaksprøvar men skal vere tilpassa den enkelte elev. Undervisninga kan gå føre seg individuelt eller i grupper /ensemble. I Gulen har me ikkje tilbod innan fordjupningsprogram no – men kan samarbeide med andre kulturskular ved behov.



Tilboda kostar, og gjeldande prisar er:

Grunnprogram: kr. 1100 pr. elev pr. år.

Kjerneprogram / fordjupningsprogram:

kr. 2600 pr. elev pr. år (barn og unge) /

kr. 3100,- pr. elev pr. år (vaksne).

Notemateriell / anna utstyr kjem i tillegg.

Tilbod som gjev opplæring innan musikk - opplæring på instrument eller song, gjev i utgangspunktet undervisning kvar veke. Dette kan vere åleine, i større eller mindre grupper.

Andre tilbod kan bli organisert med lengre økter i periodar av året. Desse tilboda krev stor nok gruppe for at det kan bli sett i gang. Grupper kan bli samansett på tvers av skulekrinsar.



Undervisninga på musikk og kulturskulen skal følgje undervisningsåret på skulane slik at når **grunnskulen har fridagar, så har musikk- og kulturskulen det og**. Det vert for det meste lagt opp til bruk av instrument elevane rår over sjølve. Når det gjeld tangentinstrument brukar me instrument som er på skulane til undervisning, men elevane **MÅ** disponere eit instrument for å få øve heime. **Heimeøving er avgjerande for god utvikling.**



Korpsmusikantar kan søkje tilbod på musikkskulen på korpsinstrumentet sitt i tillegg til å spele i korpsset. Det vil vere ein god måte å få den hjelpa som trengst både for god utvikling på instrumentet og frå korpsaspirant til korpsmusikant. ☺

Vil nokon gå på musikk og kulturskulen på **meir enn eit tilbod**, kan det søkjast om, men då må det **betalast for kvart tilbod**. Er det ynskjeleg å setje opp fleire alternativ på søknaden, men berre **eit** alternativ er aktuelt å vere med på, så **prioriter** ynskja slik at me veit kva tilbod me først og fremst skal gje.

Ny søkjar må sende søknad innan 1. mai.

Dei som har vore elevar dette skuleåret, går automatisk vidare på same tilbod. Foreldre / føresette må melde ifrå på melding eller e-post til underteikna dersom eleven vil endre tilbod eller dersom ho / han IKKJE skal halde fram neste skuleår.



Musikk- og kulturskulesøknad skal sendast til:

postmotak@gulen.kommune.no

på «E-dialog» eller til

Inger Marie Håheim Tynning, Engesetvegen 117, 5961 BREKKE

E-post: imht@gulen.kommune.no

Med helsing

Inger Marie Håheim Tynning - tlf: 928 94 188

Søknad om plass ved Gulen musikk- og kulturskule

Namn: _____

Adresse: _____

Skule / klasse: _____ (Klasse frå hausten)

Tlf: _____

Fødselsår: _____

Føresette: _____ Tlf: _____

Eg ynskjer undervisning i:

(Prioritering
av ynskje:)

Grunnprogram:

Song / musikkleik _____ (1.klasse og oppover) _____

Teikne / måleverkstad (*Sjå eigen info*) _____ (1.klasse og oppover) _____

Kjerneprogram:

Blokkfløytegruppe _____ (frå 2.klasse og oppover) _____

Korpsinstrument (*Instrument* _____) _____ (frå 3.klasse og oppover) _____

Tangentinstrument (piano / keyboard) _____ (frå 4.klasse og oppover) _____

Gitar _____ (frå 4.klasse og oppover) _____

Song _____ (frå 4.klasse og oppover) _____

Teikne / målekurs (*Sjå eigen info*) _____ (frå 4.klasse og oppover) _____

Foto (*Sjå eigen info*) _____ (frå 5.klasse og oppover) _____

Dans _____ (frå 5.klasse og oppover) _____

Samspel / band (*Instrument* _____) _____ (frå 5.klasse og oppover) _____

Dataprogrammering _____ (frå 5.klasse og oppover) _____

Underskrift elev:

Underskrift føresette:
